



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Leif Tore Ekse
Steinsland
5729 Modalen

Vår dato: 28 JAN 2011
Vår ref.: NVE 200805443-25 ki/elha
Arkiv: 312 /064.B4
Dykkar dato: 5.2.2009
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ellen Lian Halten
72 89 65 60

Leif Tore Ekse – Søknad om løyve til bygging av Kvernhuselvi kraftverk i Kvernhuselvi, Modalen kommune, Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 5.2.2009.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Kvernhuselvi kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI - notat nr. 2/2011 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Kvernhuselvi kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVEs sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Ivar Sægrov i seksjon for miljøtilsyn og Oddvar Indrebø i seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleiing 1/2008 "*Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon*" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord

Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst


Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan fåast ved å vende dykk til næraste tollstad.

Høvet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspontanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Med helsing


Øystein Grundt
saksjonssjef
for Ellen Lian Halten
avdelingsingeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for Kvernhuselvi kraftverk
KI-notat nr. 2/2011

Kopi med Modalen kommune, postboks 44, 5729 Modalen
vedlegg:

Fylkesmannen i Hordaland, Statens hus, Kaigaten 9, 5020 Bergen
Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Postboks 7050, 5020 Bergen
Bergen Turlag, Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen
NOF Hordaland, Boks 280, 5751 Odda

Intern kopi: KM: jae og ias, KV: hka og lloe, KD: omin, ER: shs, EN: hsf